

Sykkylven Rotary Klubb: Bedriftsbesøk 15. juni 2016 hos Nyborg AS, Sykkylven.

<http://nyborgfan.com/>

Referat v/ Olav Pileberg

Rotary-medlemmene stilte til avtalt tid kl 19, og vi vart tekne imot av Arvid Nordstrand og adm. dir. Magne Klokk, begge med lang fartstid i bedrifta.

Arvid baud på kaffi og Magne førte ordet i ei fyldig orientering om Nyborg AS, som vart etablert av Alfred Nyborg i 1947, under namnet Alfred Nyborg Maskinfabrikk AS. Alfred hadde m.a. bakgrunn som konstruksjonssjef hos Liaaen i Ålesund. Etter enkle kår i oppstarten, flytte bedrifta til noverande lokasjon på 1960-talet. Produkta var til å begynne med innretta mot fabrikkane i nærområdet, men etter kvart auka horisonten til vifteproduksjon i skips-marknaden. Etter som Noreg på denne tida hadde fleire produktive skipsverft, fekk Nyborg leveringar til desse. Dette varte til 1973, då oljekrisa kom. På byrjinga av -70-talet hadde fabrikkane ein topp med rundt 35 tilsette. Mot slutten av 1980-talet hadde marknaden svikta, og berre rundt 12 tilsette var att, med ei omsetting på ca 5 millionar kroner. Dermed vart det gjort ein restart, med god hjelp frå bankane, som synte velvilje i situasjonen. (Oddbjørn Ramstad var banksjef i Sunnmørsbanken då!) Den første store hallen – ca 1200 m² – vart bygd i 1996. På denne tida fekk bedrifta betre plass både til administrasjon, produksjon og lager. No gjekk fabrikkane inn i ein ekspansiv periode, med investeringar i bygningar og maskiner. Siste utvidinga, med kantine, kom i 2014. Samla areal er på ca 2500 m².

For å kunne møte ein større marknad internasjonalt, gjekk Nyborg AS til kjøp av ei bedrift, ein viftefabrikk, i Polen i 2002. Her fekk dei hand om 40 % til å begynne med, men med opsjon på 20 % til, noko som vart innløyst i 2004. Nyborg Mawent S.A. heiter denne fabrikkane, og han ligg 50 km sør for Gdansk. Her er det om lag 150 tilsette. I tillegg eig ein sidan 2010 ei engineering-bedrift i Gdynia: NM Design Office, med 7-8 tilsette.

Flatabø Eigedom AS, er namnet på selskapet som eig bygningane på Nyborg. Namnet er etter plassen der bygningane ligg no.

Produkta er no som før luftvifter og tilbehør til skipsmarknaden og til dels oljerelaterte installasjonar til havs. Nyborg AS har opparbeidd seg betydeleg kompetanse i denne marknads-nisjen. Dei skreddarsyr produkta etter kunden sine behov. Ved sjølvsyn fekk vi på rundtur i fabrikkane sjå produkt på ulike stadier i produksjonen. Storleiken varierte mykje frå dei små, nette produkta, til dei store og tunge konstruksjonane til bruk på oljeplattform. Alt i alt ei interessant omvising og orientering i nok ei bedrift som Sykkylven har grunn til å vere stolt av!

Takk frå president Hallstein og medlemmene til Magne og Arvid som delte av si innsikt og sin kunnskap med oss!

Skrivar: Olav p

Nokre bilete frå Bedriftsbesøket ved Nyborg AS:






Klubbmedlemmer i SRK med president Hallstein Lillevik heilt til venstre, saman med adm. dir. Magne Klokk i Nyborg AS.



Nils Schwartz har tidlegare vore tilsett hos Nyborg AS, og såleis vore kollega med Arvid Nordstrand (til h.)



Arvid viser vifteinstallasjon klar for levering til ei oljeplattform.



Rett maskin til rett arbeid.... Utan at referenten fekk med seg kva ho kunne gjere...



Ventilasjonsdeler i rustfritt stål, tru?







Utandørs lagring!



Skrivaren hadde sansen for dette kunstverket i trappeoppgangen!



Arvid Nordstrand, president Hallstein Lillevik og bedriftsleiar Magne Klokk.